



Sykkylven kommune

Arkiv:

JournalpostID: 26/439-3

Saksbehandlar: Henning Leiv Pilskog

Dato: 01.09.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
RS-	Eldrerådet	
RS-	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	

Informasjon om eigenbetaling av tryggleiksalarm

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orientering til råda.

Bakgrunn for saka

Statforvaltaren i Møre og Romsdal sitt brev til kommunane om adgang til å ta betalt for tryggleiksalarm. Eldrerådet ønsker informasjon om kommunen sin praksis rundt eigenbetaling for tryggleiksalarm for heimebuande.

Saksopplysningar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i sommar sendt brev til kommunene om adgangen til å ta betalt for tryggleiksalarm.

Det har den siste tida vore fleire mediesaker om innføring av eigendel for tryggleiksalarm i kommunar. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er klageinstans for kommunale vedtak om eigendel for helse- og omsorgstenester, inkludert tryggleiksalarm. På bakgrunn av medieomtalen, og fordi problemstillinga kan gjelde fleire kommunar, sendte dei brev til alle kommunane i fylket som presiserer korleis regelverket skal forståast.

Ulike lovreglar vill gjeld i ulike situasjonar. Om tryggleiksalarm skal vere gratis eller ha eigendel, må kommunen vurdere utifrå dette regelverket.

Kommunen må då sjå på kva behov tryggleiksarmen skal dekke for den enkelte.

Vurdering

Administrasjonen vil i møte gjere greie for kommuna sin praksis.

Sykkylven kommune har starta arbeidet med gjennomgang av kommuna sin praksis. Vi hentar også inn informasjon frå andre kommunar om deira praksis, og vurdere våre rutinar og prosedyrar for betaling og tildeling av tryggleiksalarm.

KS er og involvert med avklaringar rundt betaling/eigenandelar på tryggleiksalarmar i kommunane, da dette vil gjelde alle kommunane og ikkje berre enkeltkommunar eller kommunar i Møre og Romsdal.

Vidare orientering i møte

Økonomiske konsekvensar

Usikkert.

Klima og miljøpåvirking

Ingen

Torbjørn Emblem
kommunedirektør

Torbjørn Emblem